

Ikkje fleire bilar i hagen

07.06.2011



**Endeleg er det skjedd: Rekkverket av stål på utsida av Kleivadalsvingen er fullført. Det skjedde i dag.**

**Det er eit solid prosjekt og heretter må ein gå ut ifrå at familien Hauge ikkje vil få fleire besøk av bilistar som smett gjennom hekken mot fylkesvegen og stoppar i hagen deira.**

Det har vore ein langdryg prosess å ordne dette og i siste fase har prosjektet hatt fleire trege etappar som har vore registrert med aukande irritasjon av dei vegfarande.

Men det vil ikkje vera rett å gjenta klagesongen no over til dømes trafikkrestriksjonane. No er det berre glede i svingen og det gamle ord om at allting ordnar seg til slutt gjeld framleis!

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen